

## Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

Nyhendebrev 07.01.2025

### Kjære ressursjukepleiar og leiar

Kontrastane er store når storm og regn piskar på vindaugget ein sur og kald haustdag, til dagar som er fylt med solskinn, sterke fargar som får fram håpet og det vakre i naturen. Desember kan like eins være ein månad for nokon fylt med gode kjensler, håp og glede, medan andre ei kjensle av einsemd og mørke tankar.

Kanskje er det nettopp du med ditt vennlege smil og gode omsorg som kan lyse opp dagen til denne personen, og bidra med å gjere dagen til ein god dag. Vær nysgjerrig, ikkje døm – det å bli **sett** betyr så uendeleg mykje. Spørsmåla «Kva kan gjere dagen til ein god dag?» og «Kva er viktig for deg?», er gode spørsmål å ha med seg i vår jobbkvardag som ressursjukepleiar og leiar.



## Grunnkurs i palliasjon 5. november 2024



Den 5. november arrangerte vi grunnkurs i palliasjon for første gang ved Høgskulen på Vestlandet. Eit grunnkurs for ressursjukepleiarar og helsepersonell som arbeidar med og har interesse for fagfeltet. Heile 65 stykk var påmeldt, og kurset blei godt evaluert av deltakarar og arrangørar. Vi planlegg allereie for nytt grunnkurs i 2025.

**Kommentar frå evaluering av grunnkurset:**  
*«Veldig kjekt at de opna for at helsefagarbeidarar kunne delta, takk for innhaldsrik dag! Sitte igjen med mykje meir kunnskap og motivasjon.»*

## Lokalgruppesamlingar hausten 2024 Leikanger, Innvik og Førde

### Tema lokale nettverkssamlingar hausten 2024:

Tema var neutropen feber og handtering av cytostatika. Ressursjukepleiar og driftsgruppemedlem Ellen Storevik, kreftsjukepleier v/Eid sjukehus hadde undervisning i dei tre lokale nettverksgruppene. Eit svært aktuelt tema som fleire av ressursjukepleiarane allereie no har hatt undervisning om på sin arbeidsstad.

Det var totalt 59 av 89 ressursjukepleiarar som møtte på nettverksamlingane som er fordelt på 3 nettverksgrupper.



Bilde tatt på nettverkssamling i Leikanger.



## Verdsdagen i lindrande behandling



Verdsdagen blei markert ved sentralsjukehuset 16. oktober. Sjukepleiarar i palliativt team reiste rundt på avdelingane med «goodiebag» med litt sjokolade og nyttige verktøy til bruk i palliasjon. Marthe markerte også dagen på Førde omsorgssenter med kaker dekorert med nyttige spørsmål i arbeidet i palliasjon «Kva gjer dagen til ein god dag?», «Kva er viktig for deg?» og «Kva gjer deg styrke?».



## Planar for 2025

### Nettverkssamlingar

#### Tema for samlingane våren 2025: Eutanasi og lindrande sedering

**Eutanasi:** Vi møter temaet stadig oftare, både i samfunnsdebatten og hjå pasientar. Kva er erfaringane frå land som har opna opp for eutanasi? Kva vil det sei «å velge sjølv»? Korleis opplever pårørende aktiv dødshjelp? Kva med vår yrkesetikk? Er det fortsatt mogeleg å snakka normativt om respekt for livet? Lindrande sedering: Er lindrande sedering aktiv dødshjelp – eventuelt i forkledning – eller god lindrande behandling? Kva indikasjonar kan akseptast? Kan lindrande sedering vera aktuelt på sjukeheim?

**Vi får undervisning digitalt av Dagny Faksvåg Haugen. Tidlegare leiar for KLB og styringsgruppa for nettverket, og professor i palliativ medisin.**

Nettverksgruppe Sunnfjord og Kinn vert i Sunnfjord kommune 27. mai

**OBS! NY dato grunna avtale med føredragshaldar**

Nettverksgruppe Sogn 20. mai

Nettverksgruppe Nordfjord 13. mai



Set av dato og informer din leiar no. Husk nettverksmøta er obligatorisk.



## **Årleg fagdag 2025: 11. februar på Thon Partner hotel Jølster**

### **Tema: Omsorg i eit fleirkulturelt samfunn**

Etter fagdagen skal deltakarane ha fått:

- auka kunnskap om og forståing for utfordringar vi møter hos alvorleg sjuke pasientar med ulik kulturell bakgrunn
- auka kunnskap om kvifor kulturelt tilpassa omsorg er viktig i møte med pasientar med alvorleg sjukdom og deira pårørande i eit mangfaldig samfunn
- kunnskap om kvar ein finn nyttig informasjon i forhold til pasientar med fleirkulturell bakgrunn
- ferdigheit i å kunne nytte tolk på en god og hensiktsmessig måte
- auka bevisstheit på eigne haldningar i møte med menneske med ulike kulturar
- drøfta og reflektert over betydinga av tverrfagleg og tverretatleg samarbeid
- møtt kollegaer og utveksla erfaringar på tvers av faggrupper, institusjonar og etatar

#### **Påmelding:**

[Årleg fagdag. Nettverk i kreftomsorg og lindr.beh. i Helse Førde føretaksområde | Helse Bergen HF](#)

### **Tips til godt fagstoff**

Eit nytt e-læringskurs om førehandssamtalar. Digital læring, Helse Bergen HF har saman med Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest laga eit e-læringskurs om førehandssamtalar. E-læringskurset gir ei innføring i førehandssamtalar ved alvorleg sjukdom, og det kan brukast både som individuell undervisning, eller ved undervisning i grupper. Det vekslar mellom teori og refleksjon for å bidra til kunnskap om emnet; både praktisk, teoretisk og juridisk, samt stimulere til ei bevisstheit om ulike etiske aspekt ved slike samtalar. [Lenke til e-læringskurset.](#)

Eutanasi, også kalla aktiv dødshjelp har blitt eit meir omdiskutert tema den siste tida. Det har blitt skrivne om ulike synspunkt i norske avisspalter, og dette har fått fart på debatten om aktiv dødshjelp bør utredast her i Norge. Tidlegare leiar for KLB og professor, Dagny Faksvåg Haugen, var nyleg med i debatten i NRK P2 da denne problemstillinga blei diskutert. Du kan lytte til [nrk-debatten her](#).

Vardesenteret i Bergen skal strime fleire foredrag framover for å nå folk i distrikta og dei som ikkje har moglegheit å møte fysisk på Vardesenteret. Sjå på nettsida til [Vardesenter](#) tema og tidspunkt for digitale foredrag.

Hjelpepodden er ein podkast fra Haraldsplass Diagonale Sykehus om ordninger for pasienter og pårørande ved sykdom. Lytt til mange gode episodar [her](#).

### **Nasjonale konferansar 2025**


**Nettsida til KLB vert oppdatert kontinuerleg og her vert det lagt ut aktuelle kurs og konferansar**  
<https://helse-bergen.no/kompetansesenter-i-lindrande-behandling>

- Landskonferansen i kreftsjukepleie Bergen, 17.-19. september 2025



**pallnet.no**

Sjekk at ditt namn, namn på leiar, e-post, arbeidsstad og telefonnummer til deg og din leiar er rett på namnelista i [www.pallnet.no](http://www.pallnet.no).  
Hugs å sende rett namn, tittel, e-post og telefonnummer til deg og leiaren din til KLB:  
[lindrende.behandling@helse-bergen.no](mailto:lindrende.behandling@helse-bergen.no).



[Informasjon de treng, vert lagt ut kontinuerleg på nettverket si nettside:](#)

Med ynskje om eit  
godt og fredfullt  
nytt år

Marthe & Camilla

